



## Møteinkalling

---

**Utvål:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune

**Møtestad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje

**Dato:** 10.09.2018

**Tid:** 09:00

---

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post  
[politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no](mailto:politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no)

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt kl. 12.00.

Straume, den 4.september 2018.

Børge Haugetun (s)  
Leiar

## **SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 48/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 49/18	Referatsaker og orienteringar
RS 5/18	Oversyn over reglar om gildskap i samband med kommunale selskap, stiftingar m.m. v/kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal
PS 50/18	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 51/18	Valstyre for Nye Øygarden kommune - val av medlemmer



## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
48/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	10.09.2018

### **Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	10.09.2018

### Referatsaker og orienteringar

- Orientering om Stimulab-prosjektet «Samordna teneste for utsette barn og unge og deira pårørande – ny teneste i ny samanslått kommune» v/ prosjektleiar Kristina Espeseth
- Orientering om Lokaldemokrati og identitet v/ leiar av arbeidsgruppa Tom Georg Indrevik
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid:
  - Status prosjektorganisering
  - Presentasjon Trainee
  - Status kommunalsjefstillingar
  - Bruk av Projectplace
  - Mal for prosjektmandat og mal statusrapportering
  - Styringsgruppemøte
  - Status pågående prosjekt
  - Status innkjøp
  - Frigjering av ressursar til ulike prosjekt
- Melding frå KS Vest om **dagsamling i Bergen onsdag 7.november kl. 10-16**, for fellesnemndene i alle samanslåingskommunane i Hordaland og Sogn & Fjordane (vedlegg)
- RS 5/18 Oversyn over reglar om gildskap i samband med kommunale selskap, stiftingar m.m. v/ kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal

**Fra:** Victor Ebbesvik [mailto:[Victor.Ebbesvik@ks.no](mailto:Victor.Ebbesvik@ks.no)]

**Sendt:** 31. august 2018 12:43

**Til:** Odda kommune ([epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)); Ullensvang kommune ([postmottak@ullensvang.herad.no](mailto:postmottak@ullensvang.herad.no)); Jondal kommune ([post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)); Sund kommune ([postmottak@sund.kommune.no](mailto:postmottak@sund.kommune.no)); Øygarden kommune ([postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)); Postmottak; Granvin kommune ([postmottak@granvin.kommune.no](mailto:postmottak@granvin.kommune.no)); Voss kommune ([postmottak@voss.kommune.no](mailto:postmottak@voss.kommune.no)); Gauldalen kommune; Jølster kommune; Naustdal kommune; Førde kommune; Fusa kommune; Os kommune Hordaland; Meland kommune; Radøy kommune; Lindås kommune; Selje kommune; Eid kommune; Sogndal kommune; Balestrand kommune; Leikanger kommune; Flora kommune; Vågsøy kommune

**Kopi:** Frode Kyrkjebø; [fmsfktr@fylkesmannen.no](mailto:fmsfktr@fylkesmannen.no); [fmhooba@fylkesmannen.no](mailto:fmhooba@fylkesmannen.no)

**Emne:** Samling for fellesnemndene i vest

Ber om at denne eposten vert sendt vidare til medlemmene i fellesnemndene i dei komande samanslårte kommunane:

Ullensvang

Øygarden

Voss

Sunnfjord

Bjørnafjorden

Alver

Stad

Sogndal

Kinn

KS Vest ønskjer å skipe til ei dagsamling for fellesnemndene i alle samanslåingskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Føremålet er å ta opp aktuelle problemstillingar som er relevante for nemndene, og legge til rette for erfaringsutveksling mellom deltakarane.

Møter er lagt til **Bergen og datoен er onsdag 07. november kl. 10-16.**

Vi arbeider framleis med programmet for dagen. Vi ber dykk difor no setje av datoën, så vil vi kome attende med endeleg innbyding litt seinare i haust

Vonar de kjem til å finne denne samlinga nyttig, og ser fram til å sjå flest mogleg av dykk på samlinga.

Beste helsing  
KS Vest

Victor Ebbesvik  
Seniorrådgjevar  
Senior Adviser

Epost Email:  
Mobil Cellular:

[victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no)  
(+47) 91 14 82 73



Sjå nytt frå KS vest her:

<http://www.ks.no/regioner/ks-vest-Norge/>

KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities



Dato: 04.09.2018  
Vår ref.: 2018/35 - 22983/2018  
Ark.kode: 016

## Notat

---

### **Gjeld: Oversyn over reglar om gildskap i samband med kommunale selskap, stiftingar m.m. v/kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal**

---

Underteikna syner til bestilling av utgreiing om reglar om gildskap, jf. møte i fellesnemnda 18.06.18 og kommunestyret i Fjell kommune 21.06.18.

Eg har kommunisert omkring oppdraget med tilsette som arbeider i prosjektorganisasjonen. Det har vore noko uklårt for meg kva bestillinga skulle innehalde, av di ulike bestillarar har hatt ulike oppfatningar av kva eg skulle svare på.

Det eg har gjort er å lage ei generell utgreiing om emnet inhabilitet der representantar i folkevalde organ. Dersom det trengst konkrete vurderingar, så kan eg gjere det på kort varsel – ut frå det som går fram i notatet.

Sjå vedlagde notat.

Med helsing

Dag-Heine Bjørndal  
Advokat

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

# FJELL KOMMUNE

## Kommuneadvokaten

Dato: 29.08.18  
 Saksnummer: 2018/53  
 Ark.kode: 029

### Notat

---

**Frå:** Kommuneadvokaten

---

### Inabilitet i saker som involverer selskap

---

#### 1. Innleiing

Temaet inhabilitet er stort, og eg tek difor berre opp delar av emnet. Dersom det er naudsynt med meir djuptgåande analyser eller tilråding i konkrete saker, så er det berre å ta kontakt med meg eller ein av dei tilsette hjå kommuneadvokaten.

Eg går ikkje djupare i den underliggende juridiske vurderinga enn det som er naudsynt for å få fram poenga i dette notatet.

Notatet gjeld habilitetsspørsmål i folkevalde organ, med særskilt fokus på inhabilitet pga leiande stilling i juridiske personar (til dømes selskap) som er part i saka.

#### 2. Grunnleggjande

Det er forvaltningslova §6 som inneheldt hovudregelen om habilitet.

Etter §6, 1. ledd, bokstav a) er tenestemenn og folkevalde inhabile dersom dei er part i den saka som skal avgjerast eller handsamast.

Dette betyr at ingen kan vere med å førebu eller avgjere si eiga sak.

Vidare i §6, bokstavane b) – e) er dette prinsippet vidareført ved at også andre formar for tilknyting til ein part i saka vil føre til inhabilitet. Til dømes kan ein heller ikkje vere med på å avgjere eller førebu ei sak der ektefellen er part.

#### 3. Tilknytning til selskap som er part i saka

I bokstav e) er det teke opp korleis ein skal handtere det dersom den folkevalde har tilknytning til eit selskap (eller annan juridisk person) som er part i saka.

#### 4. Partsomgrepet

Å vere part i ei sak vil seie at ei avgjersle eller vedtak rettar seg direkte mot ein eller på anna måte direkte gjeld for ein. Typiske eksempel er saker som gjeld tildeling av offentleg støtte, innvilging eller avslag på søknader, o.s.b. I slike saker vil den som får støtte, avslag eller invilga søknad vere part i saka.

Også juridiske personar (selskap, stiftingar, institusjonar, o.l.) kan vere part i saker. Til dømes kan eit aksjeselskap vere part i saker som vert handsama i kommunestyret: FjellVAR AS vil vere part i saker som gjeld tildeling av kommunal økonomisk støtte til selskapet.

## **5. Tilknytning til juridiske personar som er part**

Fvl. §6, 1. ledd, e) gjeld der den folkevalde har leiand stilling eller sit i styret for følgjande juridiske personar: Samvirkeforetak, foreining, sparebank, stifting eller selskap (gjeld i hovudsak selskapsformene AS, ASA, DA og ANS).

Dersom ein folkevald er leiar eller sit i styret for eit samvirkeforetak, forening, sparebank, stifting, eller eit selskap som er part i saka, så er vedkomande folkevalde inhabil.

## **6. Meir om den juridiske personen**

Med selskap så meiner ein i hovudsal selskapsformene AS, ASA, SE, ANS, DA, BA, ENK, KS, SA, GFS, NUF og IKS. Dei mest praktiske selskapsformene er AS, ASA, DA, ANS og IKS. Dei andre formene er ikkje i praktisk bruk i kommunane.

Det er viktig å vere klar over at kommunale foretak (KF) og vertskommunesamarbeid ikkje er å rekne for selskap i fvl. §6 si forstand. Leiande stilling i ein slik organisasjon vert difor ikkje ramma av fvl. §6, 1. ledd.

Dersom ein folkevald sit i styret eller har leiande stilling i eit selskap (AS, ASA), samvirkeforetak, sparebank eller ei stifting, som er part i saka, så er vedkomande inhabil dersom selskapet er part i saka.

Vedkomande kan då ikkje vere med å førebu eller avgjere ei sak.

Dersom den folkevalde sit i styret eller har leiande stilling i eit KF eller i vertskommunesamarbeid, så er vedkomande ikkje inhabil etter §6, 1. ledd, e).

## **7. Kva vil det seie at selskapet må vere part i saka? Eigarskapsmodellen som døme**

### **8. Partsomogrepet**

For at selskapet skal vere part i saka, så må det dreie seg om ei avgjerd som retter seg mot selskapet eller som får direkte verknad for selskapet.

Dette vil seie at meir overordna vedtak som ikkje gjeld eit eller fleire bestemte selskap, ikkje vert ramma av §6, 1. ledd. Døme på overordna vedtak er budsjettvedtak, kommuneplanar og strategiske planar.

#### **1. Døme: Vedtaket om eigarskapsmodellen**

Eigarskapsmodellen er etter mi mening eit døme på ein slik overordna plan. Den gjeld overordna føringer for eigarskap i den nye kommunen, og er i utgangspunktet ikkje eit

dokument som retter seg mot einskilde selskap. Vedtaking av eigarskapsmodellen vil ikkje innebere rettar eller plikter for det einskilde selskapet.

At vedtaket har konsekvensar for selskapa i kommunen gjer dei ikkje til part: Alle overordna planar har følgjer og konsekvensar for innbyggjarar, selskap eller andre grupper i samfunnet. Men part vert ein fyrst når vedtaket retter seg direkte mot ein eller direkte gjeld ein.

Eigarskapsmeldinga er eit dokument som skal styre korleis den nye kommunen skal organisere delar av verksemda, og rettar seg ikkje direkte mot nokon private parter, selskap eller andre.

Det er likevel slik at einskilde punkt i vedtaket i fellesnemnda vil få direkte følgjer for einskilde selskap. Til dømes punkt 2 i sak PS40/18: Dersom nokon i fellesnemnda sit i styret i FjellVAR AS eller ØyVAR AS, så vil dei vere inhabile med omsyn til å delta i denne delen av vedtaket, avdi vedtakspunkt 2 vil medføre følger for dei to selskapa. Dette gjeld jamvel om ein fusjon må vedtakast på selskapa sine generalforsamlinger: Kommunane må følgje opp fellesnemnda sitt vedtak ved å syte for at dei naudsynt vedtaka i generalforsamlingane vert gjennomført. Vedtaket er truleg ikkje direkte nok til at det kan reknast for enkeltvedtak. Men det har likevel så pass direkte følger at det kan medføre inhabilitet etter fvl. §6, 2. ledd dersom nokon i selskapa sine styre deltek i denne delen av vedtaket, sjå nærmare om dette i neste punkt.

Mitt framlegg er at dersom det dukker opp slike problemstillingar i møta, så kan ein dele opp vedtaket slik at ein stemmer for kvart punkt. Dei som då er inhabile i eitt eller fleire punkt kan fråtre under kvar avstemming, men elles delta i sakshandsaminga. Det må vurderast om det er mogleg å dele opp saka på denne måten. Dersom saka sine ulike delar er tett integrert i kvarandre, så er det kan hende ikkje mogleg. Skjer dette, så må aktuelle medlemmer av fellesnemnda erklærast inhabile i heile saka.

I nevnte vedtak er punkt 1 eit generelt punkt, der fellesnemnda vedtek heile eigarskapsmodellen. Eit slikt vedtak vert truleg ikkje ramma av fvl. §6, 1. ledd. Ingen av selskapa vil reknast som part i saka som gjeld eigarskapsmodellen. I unntaka som vert gjort i punkta 2-10 vert det teke stilling til einskilde vedtak som gjeld einskilde selskap, og det er under desse punkta eg meiner at ein bør vurdere habiliteten for einskilde representantar.

## **9. Fvl. §6, 2. ledd**

Der eit tilhøve ikkje vert omfatta av 1. ledd, så må ein vurdere om den meir skjønsmessige 2. ledd skal nyttast. Den gjeld saker der førebuinga av saka eller deltaking i sjølve avgjersla kan medføre særskilt fordel, tap eller ulempe for den folkevalde.

I overordna vedtak er det vanskeleg å sjå at avgjersla kan føre til særskilt fordel, tap eller ulempe for den folkevalde. Avgjersla vil påverke alle som er tilsett i selskapet eller har leiande stilling i selskapet. Ein større plan, slik som eigarskapsmodellen, gjeld ei rekke verksemder og strategiar for den nye kommunen. Planen inneber føringar for framtidige vedtak i korleis den nye kommunen skal organisere seg. Det er lite truleg at den folkevalde vil ha ei særskilt stilling i høve til andre, på ein slik måte at det skal vere ei særskilt føremón eller ulempe dersom planen vert vedteke.

Det er likevel grunn til vere varsam i slike saker. Dersom ein er usikker på om ein er inhabil,

så skal ein orientere det folkevalde organet om dette, og så skal spørsmålet avgjerast av organet sjølv ved avstemming.

## **10. Følgjer av inhabilitet**

Dersom det i ettertid syner seg at nokon var inhabil som deltok i førebuinga eller vedtakinga, så vil det normalt berre få betydning dersom dette har påverka resultatet. I politiske utval vil dette berre vere praktisk dersom vedtaket har blitt vedteke med knappast mogleg fleirtal.

Prosedyren for avgjersler om inhabilitet er at det aktuelle medlemmet sjølv ber om å få sin inhabilitet vurdert. Medlemmet må då gjøre greie for eventuell tilknytning til partar eller andre tilhøve. Så skal medlemmet tre attende og organet skal avgjøre om vedkomande er inhabil.

Med helsing



## **SAKSDOKUMENT**

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
50/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	10.09.2018

### **Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda**



## SAKSDOKUMENT

Utvaksnsr	Utval	Møtedato
51/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	10.09.2018

### Valstyre for Nye Øygarden kommune - val av medlemmer

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld val av eit valstyre som skal ha ansvaret for gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. Vallova § 4-1 regulerer normalt val av eit valstyre, men for kommunestyreval for samanslåingskommunar er det vedteke ei eiga sentral forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019. I § 4 i forskriften står det at valstyret skal veljast av fellesnemnda.

I reglement for fellesnemnda, som er vedteke av dei tre kommunestyra, står det vidare at fellesnemnda skal «organisera arbeidet med kommunevalet i 2019, og fungera som valstyre i den samanheng». Då fellesnemnda består av 17 medlemmer kan det bli ei praktisk utfordring å få utført nødvendig arbeid omkring valet. Fellesnemnda vert difor tilrådd å velje eit valstyre med maksimalt 9 medlemmer, valt blant fellesnemnda sine faste medlemmer. Det vert føreslått å velje 3 medlemmer frå kvar kommune, der ordførarane er tre av desse. Fellesnemnda vel også leiar for valstyret og det vert tilrådd å velje den ordføraren som er leiar for fellesnemnda under valet; ordføraren i Fjell kommune.

Valstyret er eit fast utval i kommunelovas forstand og føresegnene i kommunelova § 14 om valbarheit, gjeld også her. Krav om kjønnsmessig representasjon må også oppfyllast.

Det vil også vere nødvendig for den praktiske gjennomføringa at fellesnemnda delegerer mynde til valstyret i samsvar med vallova og forskriften. Dette er i tråd med korleis mynde er blitt delegert i dei respektive kommunane ved tidlegare val.

#### Innstilling:

Det vert valt 9 medlemmer til valstyret, 3 frå kvar kommune med ordførarane som faste representantar:

##### Fjell

- Marianne Sandahl Bjørøy
- 

##### Sund

- Kari-Anne Landro
- 

##### Øygarden

- Børge Haugetun
-

• • •

**Vara** **Vara** **Vara**

• •

Som leiar vert valt:

.....

Fellesnemnda delegerer mynde til valstyret i samsvar med vallova og forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019; FOR2018-05-02-671

Straume, den 17.08.2018

Rune Lid  
Prosjektrådmann

#### **Dokument vedlagt saka:**

- Lenke til forskrift om gjennomføring av valg til kommunestyre i 2019  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-02-671>
- Lenke til vallova  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>

#### **Saksopplysningar:**

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune skal i denne saka velje eit valstyre som skal ha hovudansvaret for gjennomføringa av kommunestyrevalet i 2019. For samanslåingskommunar er det vedteke ei eiga forskrift; FOR-2018-05-02-671, som gir heimel til valet av eit valstyre. Forskrifta gjeld framfor vallova for dei kommunane den gjeld for og med dei presiseringar som føl av føreseggnene.

Fellesnemnda sitt reglement, som er vedteke av dei tre kommunestyra, har eit punkt kor det står at fellesnemnda skal «*organisera arbeidet med kommunevalet i 2019, og fungera som valstype i den samanheng*». Då fellesnemnda består av 17 medlemmer kan det bli ei praktisk utfordring å få utført nødvendig arbeid kring valet, både før, under og etter valdagen. Fellesnemnda vert difor tilrådd å velje eit valstype med maksimalt 9 medlemmer, valt blant fellesnemnda sine faste medlemmer. Det vert føreslått å velje 3 medlemmer frå kvar kommune, der ordførarane er tre av desse medlemmene. Fellesnemnda vel også leiar for valstyret, og det vert tilrådd å velje den ordføraren som er leiar for fellesnemnda under valet i 2019; ordføraren i Fjell kommune.

Fellesnemnda vert minna om at eit valstyret er eit fast utval i kommunelovas forstand, og føreseggnene i kommunelova § 14 om valbarheit gjeld også her. Krav om kjønnsmessig representasjon må også oppfyllast.

Delegasjon av mynde frå fellesnemnda til valnemnda vil også vere nødvendig for den praktiske gjennomføringa av valet. Det vert tilrådd av fellesnemnda delegerer den mynden som vallova og forskrifta legg opp til, som mellom anna er:

- Mynde til å oppnemne stemmestyre, jf. forskrifta § 4.
- Mynde til å avgjere spørsmål om 2-dagarsval, jf. forskrifta § 5
- Mynde til å avgjere talet på stemmekretsar, jf. forskrifta § 5
- Mynde til å avgjere kor stemmegjevinga skal føregå og fastsette tidspunkt for stemmegjeving, jf. vallova § 9-3
- Mynde til å avgjere spørsmål om førehandsstemmelokale

Valstyret kan med heimel i vallova og forskriftene, delegere ansvar og mynde vidare til valadministrasjonen.

Møta i valstyret for hausten 2018 vert lagt i tilknyting til møta i fellesnemnda. Til oktobermøtet vil valstyret få seg framlagt saker som omhandlar dei ansvarsområda som nemnd over i tillegg til ei sak med forslag til hensiktsmessig delegasjon til valadministrasjonen, slik det har vore praksis ved tidlegare val.

#### **Vurdering:**

Prosjektrådmannen tilrår fellesnemnda å velje eit valstype beståande av 9 personar slik det går fram av saka, med nødvendig kjønnsbalanse og delegert mynde. Slik prosjektrådmannen ser det, kan eit valstype beståande av 17 medlemmer vere eit hinder for effektiv valavvikling.